

Europaparlamentet: Sikkerheits- og forsvarskomiteen drøfta norsk sikkerheitspolitikk med statssekretær Skogen

1. mars 2018

- *Stor interesse for norsk sikkerheitspolitikk, spesielt tilhøve til Russland og situasjonen i nord, da statssekretær Skogen deltok på møte i Europaparlamentet denne veka*
- *Skogen understreka at Noreg ynskjer å delta så tett som råd i det styrke EU-samarbeidet for forsvar og bad om at det må utviklast på ein inkluderande måte*
- *Mange også interessert i Noregs sikkerheitssamarbeid med EU i lys av Storbritannias prosess med å melde seg ut av EU*
- *EU arbeider med å etablere ein årssyklus for rapportering og gjennomføring av det permanente strukturerte forsvarssamarbeidet (PESCO).*

Drøfting av norsk sikkerheitspolitikk

Statssekretær i Forsvarsdepartementet, Tone Skogen deltok 26. februar på møtet i Europaparlamentets underkomité for sikkerhet og forsvar (SEDE). Nestleiar i SEDE, Jaromir Stetina (EPP, Tsjekkia), bad ho om fokusere på problema «far north» og relasjonen til Russland. Det var relativt stor interesse for innlegget med 11 medlemmer av Europaparlamentet (MEP) deltok på møtet – fleire enn på den etterfølgjande debatten om EUs permanente strukturerte forsvarssamarbeid (PESCO)

Skogen la i sitt innlegg vekt på at Noreg og EU er nære partnarar som deler dei same verdiene. Ho sa Noreg støttar EUs prioriteringar knytt til den felles utanriks- og sikkerheitspolitikken (FUSP) og den felles sikkerheit og forsvarspolitikken (FSFP). Ho viste til at NATO er grunnsteinen i norsk sikkerheitspolitikk, men at EU også er viktig. Det er ein relativ stabilitet i nord og Noreg legg vekt på å fremje bærekraft og internasjonalt samarbeid i nordområda. Det er nå ein ny dynamikk pga. klimaendringar, men dette har ikkje nødvendigvis ein negativ effekt for sikkerheita i området. Russland er meir aktive også i Arktis, men det er ikke eit kappløp der. Den auka aktiviteten har konsekvensar for Noreg og NATO, men det er viktig med kontinuitet og at politikken er føreseieleg. Noreg har styrka nasjonalt forsvar dei siste åra både gjennom styrka beredskap og nytt utstyr, men er avhengig av våre allierte. Dette er også balgrunnen for det vil bli gjennomført ei stor militærøving i Noreg til hausten. Samstundes oppfattar ikkje Noreg Russland som ein direkte trussel. Skogen minna om at Noreg har slutta opp om EUs sanksjonar mot Russland, men at Noreg samstundes har ein lang historie med dagleg samarbeid knytt til mellom anna fiskeriforvaltning, grensekontroll og søke- og leiteoperasjoner. Dette er viktig for den regionale stabiliteten i nord.

NATO står nå overfor utfordringar både i aust og sør. I denne situasjonen er det positivt at EU og NATO styrkar samarbeidet og at Europa tek større ansvar for eigen tryggleik. Norge følgjer EUs initiativ mellom anna knytt til PESCO og det nye forsvarsfondet nøye. Det er viktig at EUs nye initiativ ikkje fører til nye skiljelinjer på forsvarsområdet. Derfor er godt samarbeid mellom EU og NATO sentralt også fordi dei nasjonale ressursane som ligg i botn er dei same. Det er viktig å arbeide vidare md å sikre interoperabilitet og redusere hindringar for å flytte utstyr og personell internt i Europa.

Det er viktig å sikre at brexit ikkje får negative konsekvensar for det sikkerheitspolitiske samarbeidet i Europa og brexit ikkje svekker den felles sikkerheits- og forsvarspolitikken (FSFP). EU må legge til rette for at Storbritannia fortsatt kan delta i denne. Generelt er det viktig at FSFP blir utvikla på ein open og inkluderande måte og slik at tredjeland kan delta. Noreg er og ynskjer å vere nært knytt til FSFP og har vist dette gjennom vår deltaking i sivile og militære oppdrag, inkludert kampgrupper. Norsk deltaking er gunstig også for EU. Dette

gjeld også i høve til arbeidet med å styrke EUs forsvarsindustri og forsvarsforsking. Norsk forsvarsindustri viktig og moderne. Noreg er ein relevant partnar og ein stor kunde for EU og det vil vere unaturlig å behandle forsvarsmarknaden ulikt frå resten av den indre marknaden der vi er full deltakar. Norsk forsvarsindustri ynskjer å bidra til forsking og utviklingssamarbeidet i EU, men Noreg er innstilt på å dekke eigne kostnadene. Det er uheldig om det blir ein asymmetri mellom den tilgangen NATO gjev Sverige og Finland og den tilgangen Noreg får i EU. Skogen sa at Noreg derfor er glad for EUs meir strategiske tilnærming til partnarland og avslutta med å understreke av hovudbodskapen er at Noreg er glad for å kunne delta i FSFP.

Skogen fekk ei rekke spørsmål frå medlemmane i komiteen etterpå. Dette inkluderte tre britiske MEP. Michael Gahler (EPP, Tyskland) sa Noreg kanskje kunne vere eit førebilete for Storbritannia gjennom deltaking i den indre marknaden. Han var positiv til norsk deltaking i forsking og utvikling, men sa EU må ha kontroll på resultata. Han spurte om Noreg har ressursane til å bygge opp beredskap mot Russland? Her viste han til det han omtalte som sykkelinvasjonen under migrasjonskrisa i 2015 som han meinte hadde vist kor sårbart Noreg og Finland var overfor Russland. Til Skogens påstand om at det ikkje var noko kappløp i Arktis, spurte han om det stemte sidan Russland har auka sitt nærvære der?

Clare Moody (S&D, Storbritannia) sa seg samd med Gahler i at Storbritannia kan lære mykje av Noreg i samband med relasjonen til EU etter brexit. Ho spurte om Noreg også er involvert i samarbeidet i EU knytt til cybersikkerheit og cyberforsvar.

Geoffrey Van Orden (ECR, Storbritannia) sa det er positivt Noreg har fokus på NATO. Endringane i demografien dei siste åra har effektivt demonstrert at Noreg ikkje har suverenitet for eigne grenser på grunn av deltakinga i den indre markanden. Han delte ikkje Skogens entusiasme til FSFP som han sa er overflødig og ein distraksjon alle må leve med. Han var samd med Skogen om behovet for å unngå skiljelinjer på sikkerheitsområdet, men meinte det nettopp er problemet med FSDP at den kan bidra til dette. Han spurte om Kina er meir aktive i nord og korleis Noreg ser på Sverige og Finland som ikkje er med i NATO, men deltek i PESCO?

Sabine Lösing (GUE/NGL, Tyskland) spurt om det stemte at det er plassert amerikansk styrke på grensa mot Russland.

Nestleiar Stetin viste til at Noreg ikkje oppfatta Russland er ikkje ein direkte trussel, men at andre land gjer det pga. våpena som er uplassert i Kaliningrad. Har ikkje Russland gjort ei tilsvarende utplassering av materiell på Kola?

Julia Pitera (EPP, Polen) spurte også om tilhøve til Kina og viste til at landet gjer store investeringar i infrastruktur og posisjonerer seg i tilgang til råvarer. Oppfattar Noreg dette som ein trussel i nord?

James Carver (EFDD, Storbritannia) spurte om Skogen kunne seie meir om kva negative effektar frå FSFP og om synet på utstasjonering av styrke.

Janus Zemke (S&D, Polen) viste til at Europa må modernisere sitt forsvar og spurt om Noreg har planar om å modernisere luft- og ubåtforsvaret?

Statssekretær Skogen svarte samla på dei ulike spørsmåla og konstanterte at det var stor interesse i komiteen for det norske tilhøvet til Russland. Noreg har eit langvarig og balansert tilhøve til Russland og er ein tydlege nabo som mellom anna informerer om våre øvingar. Noreg er klar over at vi har ein nabo med moderne ustyr som har auka sin aktivitet og kapasitet dei siste åra. Derfor er det viktig for Noreg å vere eit sterkt NATO-medlem. Den såkalla sykkelinvasjonen var knytt til migrasjonskrisa og er eit døme på at vi klarte å løyse ein situasjon gjennom dialog og forhandlingar med Russland. Ho gjentok at Russland ikkje er ein direkte trussel, men vedgjekk at det kunne vere ein fare for ein smitteffekt frå andre

konfliktar sidan Russland har dei kapabilitetane dei har i nord. Cyberåtak har endra korleis trugslar startar og sluttar og det er viktig med fokus på cyberforsvar. Noreg deltek i samarbeid om dette, mellom anna i NATO.

Noreg vil følgje med på kva avtale EU og Storbritannia inngår om sikkerheitssamarbeid etter brexit og må vurdere kva effektar det eventuelt vil få for oss. Skogen delte ikkje Van Dalens syn på svekka suverenitet pga. deltaking i den indre markanden og viste til at arbeidsinnvandringa dei siste åra har vore bra både for Noreg og for dei som kjem frå ulike EU-land for å arbeide i Noreg. Arbeidsinnvandring er noko heilt anna enn migrasjonskrisa der Noreg samarbeider tett med EU for å finne løysingar.

Skogen stadfesta at Kina er blant landa som viser auka interesse for Arktis, men at dette truleg heng mest saman med at klimaendringane gjer det mogleg å utvikle nye transportruter og turisme i området.

USA og andre NATO-land driv trening i Noreg. Dette er basert på rotasjon og ikkje fast stasjonering av styrker. Slik trening er viktig for å sikre at styrker frå ulike land kan samarbeide og dette er ein viktig del av norsk NATO-medlemskap. Noreg har satsa på modernisering av forsvaret og kjøp av ny teknologi dei siste åra. Det faktum at forsvarsbudsjettet har auka kvart år sidan 2013 viser dette sa Skogen.

Pesco

Rett etter drøftingane med statssekretær Skogen, hadde SEDE ein drøfting om gjennomføringa av Pesco med generalløytnant Esa Pulkkinen, generaldirektør for EUs militærstab og Jorge Domecq, direktør i det europeisk forsvarsbyrået.

Denne delen av møtet vart leia av nestleiar i DEVE, Christian Ehler (EPP, Tyskland) som innleia med å vise at under eit nyleg delegasjonsbesøk til Washington DC hadde dette kome fleire spørsmål om Pesco. Frå amerikansk side var det ei viss uro for korleis Pesco ville påverke samarbeidet med NATO.

Pulkkinen og Domecq gjorde greie for status i samarbeidet som vart formelt vedteke 11. desember med 25 EU-land som deltagarar. Alle landa skal utarbeide nasjonale gjennomføringsplanar og det blir nå arbeidd med ein årssyklus for rapportering og planlegging. Det vil bli lagt opp til at Pesco skal vere tema for to rådsmøter kvart år frå og med 2019. Kvart år i april eller mai vil medlemslanda i Rådet drøfte overordna rapportar med basis i dei nasjonale gjennomføringsrapportane som skal kome rundt årsskiftet. I november kvart år vil rådsmøte så ha fokus på nye prosjekt. Det vil generelt vere viktig å sjå Pesco i samanheng med andre initiativ, som forsvarsfondet, og det er viktig å sikre eit felles tilnærming.

Det er alt sett i gang ei rekke prosjekt innanfor tre hovudområde, nemleg øving og kapasitetsbygging, felles kapabilitetar og utvikling av operasjonelle tiltak på cyber, land, luft og sjø. Det er viktig at det medlemslanda driv prosjekta og tek leiarskap gjennom politisk vilje.

Dei to fekk spørsmål mellom anna om tilhøvet mellom Pesco-prosjekt og regionalt forsvarssamarbeid og fleire var opptatt av tilhøve til tredjeland som er med i NATO. Dei to viste til at Pesco skal utviklast innanfor rammene av den felles sikkerheits- og forsvarspolitikken. Regionalt samarbeid og regionale prosjekt kan bli støtta innanfor Pesco, men det primære med Pesco er betre samarbeid generelt. Pesco skal ikkje føre til konkurranse mellom EU og NATO og alle tiltak som blir utvikla må vere kompatible og henge saman med NATO. Medlemslanda skal drøfte tilhøvet til tredjeland seinare i år, men EU har ein open og god dialog og samarbeid med NATO i samsvar med den felles fråsegna som vart vedteke i fjor.

Kommentar

Statssekretær Skogen kom med ei tydeleg melding til EU om at Noreg ynskjer å delta så tett som mogleg i det styrke EU-samarbeidet. Ho var samstundes svært tydlege på at dette må utviklast på ein inkluderande måte og byggje opp under NATO-samarbeidet. Innlegg vart generelt godt motteke i komiteen, og det var genuin interesse for det norske tilhøvet til Russland og situasjonen i nordområda. Samstundes er det også på dette området ein viss brexit-effekt som gjer at norske løysingar og norsk samarbeid med EU får merksemrd fordi det kan seie noko om moglege rammer for den framtidige relasjonen mellom EU og Storbritannia. Både drøftingane med Skogen og om PESCO viser at mange er opptatt av relasjonen til tredjeland og samarbeidet med NATO når EU styrker si satsing på forsvarsområdet.

Med helsing

Per S. Nestrande
seniorrådgjevar
Stortingets Brussel-kontor
internasjonal avdeling



Telefon: +47 23 31 36 11
Mobil: +47 917 68 598

E-post: psn@stortinget.no

www.stortinget.no